



**Jobbnorge-ID:** 115432  
**Søknadsfrist:** Heaittihuvvon  
**Nettside:**  
**Omfang:**  
**Varighet:**

## Forskingsteknikar (mellombels 35%)

Ved [Institutt for fysikk og teknologi](#) er det ledig ei mellombels 35 % stilling som forkingsteknikar frå 1.7.2015 til 30.6.2016. Stillinga er knytt til EU-prosjektet NEMI.

### Arbeidsoppgåver:

- Den som vert tilsett, skal arbeide med å støtte utviklinga av eit nytt heliummikroskop.

### Kvalifikasjonar og eigenskapar.

- Relevant utdanning frå vidaregåande eller spesialutdanning tilpassa dei oppgåvene stillinga skal dekkje.
- Du må ha kjennskap til bruk av elektronmikroskopi, optisk mikroskopi, vakumapparaturar og computersimuleringar.
- Du må kunne arbeide sjølvstendig, strukturert og ha gode samarbeidsevner
- Du må kunne nytte norsk og engelsk

### Vi kan tilby:

- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- Løn etter lønssteg 35-42 (kode 1512)
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdsordningar

Her kan du lese meir om kva UiB kan tilby: <http://www.uib.no/poa/73814/jobb-ved-universitetet#>.

### Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: Professor Bodil Holst: telefon +47 55 58 29 67 / e-post: [bodil.holst@uib.no](mailto:bodil.holst@uib.no)

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetning og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinjene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad, CV og kopi av vitnemål og attestar skal sendast elektronisk ved å klikke på knappen merkt «SØK STILLINGEN» på denne sida. Søknader sende på e-post til enkeltpersonar ved instituttet, vert ikkje vurderte.

**Søknadsfrist: 5. juli 2015**

**Merk søknaden: 2015/5950**

### Tilleggsinformasjon

**Arbeidssted:**